

**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,  
BRULEITEVEGEN 40,  
5282 LONEVÅG.**

**Tlf. 91186782.  
E-post: [sjuratre@online.no](mailto:sjuritre@online.no)**

**Inger Marie Rundhovde,  
Hamrenesvegen 40,  
5281 Valestrandsfossen.**

**Mikalsgarveriet. Runhovda gr.nr. 135, br.nr. 6.  
Osterøy kommune. Hordaland fylke.  
Eigar Inger Marie Rundhovde.**

### **Restaureringsplan.**

Heile bygget treng restaurering.  
Kledningen er gamal. Bordkledningen ser brukande ut, eternitkledningen må, før eller sidan, bytast.  
Dører og vindaugo treng restaurering.  
Taket er bylgjeeternit, det veit me har åvgrensa levetid.

Problemet no er eternittaket på den tilbygde svala i sørvest. Der er eterniten heilt forvitra. Taket har store lekasjar på hjørna mot sjøen, der må både sperr, sutak, rama, standarar, panel og kledning bytast. Taket lek fleire stader langs ufset, men det er hjørna mot sjøen som er verst. Kor omfattande skadane er, kan eg ikkje sei visst, før eterniten er fjerna. Øvst mot hovudbygget ser eterniten betre ut, er det papp undertak, er det mogeleg det berre er nedst taket har skadar. I verste fall må det bytast eiendel sperr og sutak, ev. skøyta sperr med lang omskøyt. I beste fall er det berre på hjørna det er so store roteskader, at det må vølast.

Fjerning av eterniten vert dyrt. Det er kronglut å koma til, litt skog må rydjast vekk før stilas kan setjast opp. Reknar med å bruka same stillaset til vøling av roteskader og legging av nytt tak. På eldste garveriet, Gamlagarveriet, er det bylgjeblekktak. Det bør det verta her,og. Bylgjeblekket må stå ein vinter umåla, deretter bør det få nokre strok svart arkanol, då varer det lengre.

### **Framlegg:**

Tilbygget i sørvest må få nytt tak, so snart finansieringa er ordna. **Vert ikkje det gjort, dett tilbygget ned om få år.**

Eterniten må fjernast av godkjent firma.  
Roteskadane som då kjem til syne vert utbetra på beste vis.  
Det vert lagt nytt bylgjeblekk og sett opp nye takrenner.

Resten av garveriet er slite, men har ikkje skadar eg kan sjå det hastar å vøla.  
Byting av resten av eterniten, både på tak og vegger, må koma, men kan venta.  
Bordkledningen treng ettersyn, vindaugo og dører treng restaurering. Det må koma i neste omgong.

Revheim 06.10.2017.



Rune Revheim.